

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

a. Lengre innskrifter

[**863**] N-34071. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 47; 1990b: [41].)

Innskrifta står på ein rund kjepp som er bevart i tre nokolunde samanhangande brotstykke, til saman 228 mm lange og 15 mm i diameter på det tjukkaste. I eine enden av kjeppen er det skore ut eit lite hovud med andlet. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, hovudfase 4-6.

Det vil seia at funnkonteksten kan tidfestast til ein perioden som strekkjer seg frå andre halvdel av 1000-talet til slutten av 1100-talet. Fordi kjeppen er broten i tre delar er innskrifta no delt i to, slik at det er runer på to av brotstykkane. Samla lengd på innskrifta no er ca. 50 mm, og runene er ca. 13 mm høge. Kvisten i r. 1 (**k**) er skoren slik at han så vidt kryssar staven. Det er eit topunkts ordskilje mellom r. 3 og 4. R. 4 har godt bevart stav i full lengd i høve til dei føregåande runene. Eit svakare riss ned til høgre frå midten av staven er truleg kvist i **n**. Etter 4 er det restar av to runer som no ikkje kan lesast, deretter er eit stykke av overflata i veden borte kring brotkanten. Dei to brotkantane passar ikkje heilt saman, så det er vanskeleg å fastslå nøyaktig kor mange runer som er borte i brotet. Det ser likevel ikkje ut til å ha vore plass til meir enn ei rune. Etter brotkanten er det bevart ein tydeleg stav med kvist ned til høgre frå toppen. Det er også mogleg at tilsvarande kvist har gått frå toppen og ned til venstre. Det kan sjå slik ut i brotet når dei to delane vert stilte saman, men treet er ikkje så godt bevart at det kan fastslåast med visse. Staven og kvistan(e) går ikkje heil saman. Det kan vera at dette skal lesast som **l** her. Med alle moglege atterhald kan det òg tenkjast at runa skal lesast som tosidig **t**. Til slutt er det nokså tydeleg stav utan synlege merke etter kvistar eller bogar.

ʃ ǀ | : ʃ (?) [. . -] ʃ (?) |

k u i : n(?) [. . -] **l**(?) **i**

Innskrifta er så fragmentarisk at ho ikkje utan vidare kan gi språkleg mening slik ho er bevart. Ei mogleg løysing, som slett ikkje er sikker, kunne vera at det er eit lett forvanska

fragment av fadervår på latin: *qui (es i)n (coe)li(s) [?]* 'som er i himmelen' (?). Sekvensen **kui** vil i tilfelle kunna vera relativpronomenet *qui* på latin slik vi finn det elles i runeinnskrifter på latin (jf. N816 her). Om dette skal kunna sjåast som eit fadervårfragment, vil dei to siste runene måtta lesast som **li** og ikkje som **ti**. Kvifor nett denne delen av Fadervår i tilfelle skulle vera skriven på nett denne gjenstanden, vil vi vel heller ikkje kunna anna enn spekulera over i dag. Ei samla vurdering av ufullstendig bevarte innskrifta tilseier difor at ho vert rekna saman med dei som ikkje kan gi sikker språkleg meining.